# Kystsoge vekene 2016

20. gang

13. august til 18. september







## Stormønstring av kystkultur i 22 kommunar på Vestlandet

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Velkommen til Kystsogevekene 2016!



**Stiftinga Kystsogevekene**

Børge Haugetun
Styreleiar

Det er duka for dei 20. kystsogevekene, som nyvald styreleiar gratulerer eg så mykje med jubileet.

Frå prosjektet kulturformidlinga *Håkon Den Gode* og dei populære *Håkonspela*, vaks det fram faste årlege kystkulturveker. Prosjektrapporten *den norske vestkysten* var med å leggje grunnlaget for ein soge og kystkulturfestival på kystens premiss. Kystsogevekene har vakse fram til å bli Noregs største kystkulturmønstring, det kan me vere stolte av.

Opninga er i jubileumsåret lagt til vakre Litlebergen båthamn i Meland. Laurdag 13. august vert ein festdag med aktivtetar og underhaldning for store og små. Stiftinga sin dyktige daglege leiar Lena Eikeland Kutschera legg i samspel med den einskilde kommune fram eit mangfaldig og godt program! Gjennom hundretals små og store arrangement, vert kystkulturen i tråd med utgangspunktet for stiftinga løfta fram i all sin breidde.

Rundt om i kommunane vert det lagt ned ein imponerande dugnadsinnsats, eg takkar kvar og ein for innsatsen. Også i år finn ein nokofor ein kvar smak. Studer programmet – og delta på arrangementa!

**Vel møtt til kjekke Kystsogeveker!**

## INNHALD


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Meland** | side 6 | **Fjell** | side 21 |
| **Gulen** | side 8 | **Sund** | side 22 |
| **Masfjorden** | side 9 | **Austevoll** | side 23 |
| **Fedje** | side 10 | **Os** | side 24 |
| **Austrheim** | side 11 | **Fusa** | side 25 |
| **Lindås** | side 13 | **Tysnes** | side 26 |
| **Radøy** | side 14 | **Fitjar** | side 28 |
| **Osterøy** | side 16 | **Stord** | side 29 |
| **Bergen** | side 17 | **Bømlo** | side 30 |
| **Askøy** | side 19 | **Sveio** | side 32 |
| **Øygarden** | side 20 | **Kvinnherad** | side 33 |

# Program for opningsdagen Litlebergen båthamn

**11.00** Musikalske innslag, fiskekonkurranse, utstillingar, andre aktivitetar og kulturhistoriske vandringar på sjø og land. Sal av kortreiste matprodukt

**12.30** DS Stord 1 kjem til Litlebergen med gjestar frå Bergen

**13.00 Offisiell opning** med talar ved ordførar i Meland, Stiftinga Kystsogevekene og helsing frå Hordaland Fylkeskommune. Kultur og musikkinnslag

**14.30 Aktivitetar**: Premiering fiskekonkurranse, guida kulturhistoriske vandringar på sjøen og på land, oppvisning kajakklubben, lokale kystlag.

**Kl 15.10** Fjordabåt frå Bergen. Frå **kl 16 00** sal av grillmat og forfriskingar.





## 16.00 Dagens festframsyning

Songkoret Vågen presenterer Musikalperler Frå Broadway til Litlebergen.
Solistar: Ingelin Skei og Bjørn Berentsen. Musikarar: Dagfinn Andersen (piano), Tore Vabø (bass)

**18.00** Kleppeviktime v/Leif Harald Olsvold
**19.00** Musikalske innslag v/ Øystein Blom
**20.00** Avslutning

### Båtruter og parkering i samband med opningsarrangementet (Laurdag 13. august)

11.00 DS Stord 1 – avg. frå Holbergkaien i Bergen
– 12.30 ank. Litlebergen

14.10 M/S Vestgar – avg. Holbergkaien
– 15.10 ank. Litlebergen

17.00 DS Stord 1 avg Litlebergen
– 18.30 ank. Bergen

19.30 M/S Vestgar avg. Litlebergen
– 20.30 ank. Bergen




Parkering på Flatøy på nærare anviste plassar, gratis busstransport tur/retur Flatøy -Litlebergen.

### Laurdag 13. august

**Offisiell opning av Kystsogevekene 2016**
**Meland kommune, Litlebergen båthamn**

Gulen/Sellevåg: Open dag i Sellevåg treskofabrikk
Austrheim/Fonneskaien: Fonnesdagane 12.-14. – august
Austrheim: Havsportveka 8. - 14. august
Øygarden Hellesøy: Hellesøydagen
Os/Søre Øyane: Opninga av Kystsogedagane i Os
Fitjar: Fitjarfestivalen 11. - 14. august
Tysnes: Siglarveko for Oselvar 9. - 12. august og NM i Oselvar 12. -14. august
Kvinnherad/Hatlestrand: Mytologifestivalen 12.-14. august
Bømlo/Moster Amfi: Kystsogevekeutstilling i Moster Amfi

### Søndag 14. august

Gulen/Furnes: Kaidagen!
Lindås - Austrheim – Gulen: DS Oster Tur til Gulen
Austrheim/Årvika: Fonnesdagane
Austrheim: Havsportveka
Radøy/Bogatunet: Opning av kystsogevekene i Radøy
Lindås/Eknesvågen: Bokkafe og foredrag
Fitjar: Fitjarfestivalen
Kvinnherad/Hatlestrand: Mytologifestifalen
Sveio/Ryvarden Kulturfyr: Fyrjazz

### Fredag 19. august

Sund/Kleppesjøen: Hamnedagane
Austevoll: Kystsogehelg i Bekkjarvik

### Laurdag 20. august

Austrheim/Krossøy: Tur i fiskarbonden sitt rike
Radøy/Radøyvegen 448: Open motorsamling
Radøy/Nøtlevågen: Nøtlevågdagen
Sund/Kleppesjøen: Hamnedagane
Bergen /Stend/Hordamuseet: Kurs i kipebinding
Os/Søre Øyane/Vedholmen Galleri: Utstillingsopning
Austevoll: Kystsogehelg i Bekkjarvik
Tysnes/Våge/Njordstø: Seilingens dag
Tysnes/Våge: Dansegalla i Tysneshallen

### Søndag 21. august

Masfjorden/Matre – Stordalen: Bjørn Westmarsjen
Masfjorden/Masfjordnes/Kvamsdals fargeri: Sommarscena
Radøy/Hordabø idrettspark: Bøvågen familiefest
Askøy/Hanevik: Hanevikdagen
Øygarden/Ovågen/Kystmuseet: Richard Burgess og Gabriel Fliflet – konsert
Bergen/Stend/Hordamuseet: Gøy på landet
Bergen/Titlestadvegen: Osbanen - open stasjon på Stend
Austevoll: Kystsogehelg i Bekkjarvik

### Onsdag 24. august

Radøy/Søre Toska: Onsdagstur

### Torsdag 25. august

Radøy: Padletur – Risnes – Villangervågen

### Fredag 26. august

Fedje/Fedje fleirbrukshall: Historiekveld med Fedje historielag
Meland/Holmeknappen: Kulturkveld i stove og løe
Bømlo/Langevåg: Kystsogedagane i Langevåg

### Laurdag 27. august

Fedje: Kulturvandring gjennom landsbyen i havet
Meland/Holmeknappen: Kystsogedagane i Meland
Meland/Holmeknappen/Herdlafjorden: D/S Oster i rute
Bergen/Bergenhus festning: Festningsdagene
Fjell/Langøy Kystgard: Langøymarknaden
Os/Kyrkjeflaten og Os sentrum: Bondens dag
Tysnes/Onarheim: Arrangement i kulturkyrkja
Stord/Sagvåg/Jensaneset: Vervadagane
Bømlo/Langevåg: Kystsogedagar i Langevåg
Sveio/Buavåg: Kystsogedagar i Buavåg

### Søndag 28. august

Masfjorden/Masfjordnes/Kvamsdals fargeri: Sommarscena
Lygra/Lyngheisenteret: Sommarfest i kulturlandskapet
Lindås/Eknesvågen: Bokkafe og foredrag

Radøy/Sæbøvågen: Familiedag med fiskekonkurranse
Radøy/Hallandsvatnet: Barnas turlag
Meland/Holmeknappen: Kystsogedagane i Meland
Bergen/Bergenhus festning: Festningsdagene
Fjell/Langøy Kystgard: Langøymarknaden
Sund/Trellevik: Kyststemne i Trellevik
Stord/Sagvåg/Jensaneset: Vervagudsteneste
Fusa/Engevik/Mjånes: Torgdag og kystsogedag på Engevik gaard
Bømlo/ Langevåg: Kystsogedagane i Langevåg
Sveio/Buavåg: Kystsogedagar i Buavåg Tema: Dugnad
Sveio/Strando i Førde: Finn Fram-dagen
Kvinnherad/Uskedalen: Museumdag på Bygdetunet Rød

## Måndag 29. august
Radøy/Boga: Kvardagliv i Bogatunet

## Tysdag 30. august
Radøy/Boga: Kvardagliv  i Bogatunet
Radøy/Manger/ Radøy bibliotek: Temakveld – Skipsfartseventyret

## Onsdag 31. august
Radøy/Boga: Kvardagliv i Bogatunet
Lygra/Lyngheisenteret: Sommarkveld ved fjorden

## Torsdag 1. september
Austrheim/Austrheim folkebibliotek: Eit skipsfartseventyr

## Fredag 2. september
Øygarden/Torsvikhuset: Strilafestivalen
Bømlo/Finnås/Kuleseidkanalen: Kanaldagane

## Laurdag 3. september
Gulen/Byrknesøy: Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum
Radøy/Rossnes kai: Risnesmarknaden
Radøy/Sletta: Bakekurs på Radøystova
Bergen/Sandviksboder Kystkultursenter: Sandviksdagene
Øygarden/Torsvikhuset: Strilafestivalen
Os/Osøyro: Oselvarfestival
Tysnes/Dokkegalleriet v/Tysnes kyrkje: Folkedrakter på Tysnes
Tysnes/Drange: Kulturløo på Drange
Stord/Leirvik: Open dag i Sunnhordlandstunet
Kvinnherad/Sunde: Kystkulturdag på Bergslagen
Bømlo/Finnås: Kanaldagane

## Søndag 4. september
Austrheim/Årvika: Familiedag - Kom-deg ut dagen
Bergen/Sandviksboder Kystkultursenter: Sandviksdagene
Askøy/Herdla fort: Aktivitetsdag på Herdla fort
Tysnes/Dokkegalleriet v/Tysnes kyrkje: Folkedrakter på Tysnes
Bømlo/ Finnås: Kanaldagane
Sveio/Ryvarden: Utstillingsopning

## Måndag 5. september
Kvinnherad/Rosendal: Open vervadag i Skålafjæro

## Laurdag 10. september
Lindås/Hillesvåg: Raudlisteteknikkar i Husflidens Hus

## Søndag 11. september
Lindås/Vassel: Tur til Baståsen
Tysnes/Skorpo skule: Den gamle tingskipnaden i Sunnhordland
Fitjar/ Årskog: Museumsdag på Årskog museum
Sveio/Kysttunet i Auklandshamn: Kvalfangst
Kvinnherad/Seimsfoss: Kulturminnedagene

## Onsdag 14. september
Stord/Leirvik: Langs kysten med årer, segl og song.

## Søndag 18. september
Radøy/Nordanger: Ope på Nordanger gardsmuseum
Radøy/Søndre Solend: Open gard på Radøy ridesenter
Osterøy/Gjerstad/ Osterøy museum: Strilamat - Kulturminnedag med matkultur







**Adm. senter:** Frekhaug
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 90,4 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 7 812
www.meland.kommune.no

**Eit samfunn for alle**. Meland kommune med kring 7400 innbyggjarar, er inngangsdøra til Nordhordland. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Reisetida frå Bergen sentrum til kommunesenteret på Frekhaug er knappe 30 minutt. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, bakkemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. Meland har mange flotte turområde som høver både for dei som vil gå langt og bratt og dei som vil ferdast langs kysten. www.visitnordhordland.no.

## PROGRAM

**Offisiell opning av Kystsogevekene 2016**
Meland kommune, Litlebergen båthamn, laurdag 13. august

**Kl 11:** Musikalske innslag, fiskekonkurranse, utstillingar, andre aktivitetar og kulturhistoriske vandringar på sjø og land. Sal av kortreiste matprodukt

**Kl 12.30:** D/S Stord 1 kjem til Litlebergen med gjestar frå Bergen

**Kl 13:** Offisiell opning med talar ved ordførar i Meland, Stiftinga Kystsogevekene og helsing frå Hordaland Fylkeskommune. Kultur og musikkinnslag

**Kl 14.30:** Aktivitetar: Premiering fiskekonkurranse, guida kulturhistoriske vandringar på sjøen og på land, oppvisning kajakklubben, lokale kystlag

**Kl 15.10:** Fjordabåt frå Bergen

**Kl 16 og utover**: Sal av grillmat og forfriskingar

**Kl 16:** Dagens festframsyning
Songkoret Vågen presenterer Musikalperler Frå Broadway til Litlebergen
Solistar: Ingelin Skei og Bjørn Berentsen.
Musikarar: Dagfinn Andersen (piano) Tore Vabø (bass)

**Kl 18:** Kleppeviktime v/Leif Harald Olsvold

**Kl 19:** Musikalske innslag v/ Øystein Blom

**Kl 20:** Avslutning

**Båtruter**
11.00 D/S Stord 1 – avg. frå Holbergkaien i Bergen – 12.30 ank. Litlebergen
14.10 M/S Vestgar – avg. Holbergkaien – 15.10 ank. Litlebergen
17.00 D/S Stord 1 avg Litlebergen – 18.30 ank. Bergen
19.30 M/S Vestgar avg. Litlebergen – 20.30 ank. Bergen
Parkering på Flatøy på nærare anviste plassar, gratis busstransport tur/retur Flatøy -Litlebergen

## Kulturkveld i stove og løe

Holmeknappen fredag 26. august kl 19 – 22

Holmestova: kl 19 – 20 *Gjest Bårdsen i song, segn og sanning* med Linda Røyseth Sandhåland, Leif Johnsen og Agnar Sagstad
Galleri Rustica: kl 21 – 22 *Kjære songar og ei dagbok* seinsommarkonsert med MYK (sopran Margareth B. Horne og tenor Yngvar Skar )

## Kystsogedagane i Meland

Holmeknappen, laurdag 27. august og søndag 28. august

**Marknad på Holmeknappen:**
Sal/utstilling av kunst/handverksprodukt, utstilling av gamle kjørety og tradisjonsbåtar. Aktivitetar for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som fisk, sild, lefser med meir. Open kafé med middag og kaffimat

Holmeknappen Laurdag 27. august kl 11 – 16
Kl 12.15 *Frå oss til dere – Kleppevik m. fleire!* med bergenskoret KOR – tidi

På plenen framføre Galleri Rustica: Morten Kutschera - ein av Nordens fremste flintsmedar vil halde foredrag om – og vise i praksis - korleis ein lagar kvasse reiskapar og våpen av flint og anna stein. Høve til å prøve seg som flintsmed og prøve ut kopier av steinalderredskapar.

D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai, opne for omvising. Ca. kl. 13.30 håper vi på besøk av Hurtigruta

Holmestova: Omvising. Utstilling: Åkle frå Meland
Sjøbua: Omvising. Havinspirert keramikk frå Møllaren Keramikk
Galleri Rustica er 10 år og feirar med to utstillingar: *10 x 10 kunstverk* og *Havet – gir, tar og tar imot* – temautstilling
Knappen Handleri: Ope med eit rikhaldig vareutval

## D/S Oster i rute

Herdlafjorden kl 18 - 23

D/S Oster går tur frå Holmeknappen til fjorten gamle stoppestader i Herdlefjorden etter ei båtrute frå 1934. Rekebord, musikk og servering om bord. Billetter kr 350,- tingast på tlf 97686875/97176469

## Holmeknappen søndag kl 09 - 16

Marknad og aktivitetar på Holmeknappen og veteranbåtane ligg ved kai. Utstillingar og ope i Holmestova, Sjøbua, Galleri Rustica og Knappen Handleri. (Sjå laurdag).

**Kl 09:** Frukost i kafételtet

**Kl 11:** Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai. Markering av 150-års jubileum for Meland kyrkje

**Kl 12:** Prisutdelingar

**Kl 12.15:** Kystkulturshow med Claus Sellevoll

**Kl 12.30:** På plenen framføre Galleri Rustica: Flintsmed Morten Kutschera

**Kl 13.30:** Kanskje kjem Hurtigruta? Underhaldning med lokale artistar.

Vestgar henter gjester fra Hanevik kl 11.30. Retur etter arr.

Detaljert program kjem i august. Arr: Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland







**Adm. senter:** Eivindvik
**Fylke:** Sogn of Fjordane
**Areal:** 596 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 2 370
www.gulen.kommune.no

**Heilt sørvest** i Sogn og Fjordane ligg Gulen som eit bruhovud til Hordaland. Kontrastane er store, frå dei ytste av om lag 1500 øyar, holmar og skjer i vest og inn til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Innbyggjarane er jamt fordelte kring skulekrinsane Byrknes, Brekke, Dalsøyra og Eivindvik.

Reiseliv sjå www.fjordkysten.no

## PROGRAM

### Open dag i Sellevåg treskofabrikk

Sellevåg, laurdag 13. august kl 13-16
Sellevåg treskofabrikk produserte tresko frå 1899 til 1972. Frå 1952 var også sagbruk ei viktig brikke i produksjonslinja. Då noverande eigar Magne Sellevåg pensjonerte seg i 2000, vart også sagbruket lagt ned. Då hadde saga kvint i 101 år. I 2012 vart fabrikken freda av Riksantikvaren, den er intakt, med demning, røyrgate, maskiner og reimer. Det vert omvising med demonstrasjon av treskoproduksjon med dei ulike vassdrivne treskomaskinene i drift. Filmframsyning om treskofabrikken.

Det vert høve til å kjøpe kaffi og noko å bite i for dei som måtte ønske det. Inngangsbillett: Barn gratis, vaksne kr 50,-. Ta kontakt på telefon 577 83 659 eller 909 82 235 og avtal tid for privat omvisning. Arr. Magne Sellevåg, www.123hjemmeside.no/treskofabrikk, www.facebook.com/Sellevåg-Treskofabrikk

### Kaidagen!

Furneset, søndag 14. august

Veteranbåten Oster kjem innom då den har sin årlige passasjertur gjennom Gulen. Dei kjem frå Askelandsvåg via Fonnes, med passasjerar. På kaien vert det rekebord, kiosk, tombola, salgsbodar  mm. Det vert og ulike aktiviteter for ungane langs kaikanten. Arr. Brandangersund samfunnshus

### Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum

Byrknesøy, laurdag 3. september kl 14 -17

Sesongavslutning då dette er siste faste dagen med ope museum.  Det blir da omvising og servering av kaffi og kaker, samt trekking av årets loddbok.

Laurdagsåpent frå juni til 3. september



**Adm. senter:** Masfjordnes
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 558 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 1 701
www.masfjorden.kommune.no

**Masfjordnaturen er** vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjellandskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i et avgøymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane i kommunen. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet. Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## PROGRAM

*Før Kystsogevekene*

### Moldestad & SVER
Sommarscena, arrangement ved museumssamlingane på Sandnes/Masfjordnes
5. august
Sigrid Moldestad møter folkbandet SVER

*Program 2016*

### Rob Harbron & Emma Reid
Masfjordnes/Kvamsdals fargeri,
søndag 21. august kl 19.15
Folkemusikarar frå Nord-England med ærleg og optimistisk musikk i eit intimt, akustisk miljø.

### Solo solo - Møt ein griot frå Senegal!
Masfjordnes/Kvamsdals fargeri, søndag 28. august kl 15.30
Barnekonsert - ein griot frå Senegal fortel sin historie. Han speler på strengeinstrumentet kora. Griotane har i mange århundre sunge historia til folket sitt, i dag er dei leverandørar av melodier til all popmusikk i det vestlige Afrika.

Museumssamlingane er opne søndagar i sommar, frå kl 13-17. Det vert då høve til å få omvising.

### Bjørn Westmarsjen
Matre – Stordalen, søndag 21. august
Marsj i lett fjellterreng til minne hendingane i Matrefjella under andre verdenskrig. Også i år kan du velge å gå "Lang" eller "Kort" rute. Meir info kjem snart. Den lange løypa tek omlag 5-6 timar.

Kl 14.30 Konsert ved Fjellstova
Kl 15.15 Gudsteneste

Minnemarkeringa ved bautaen kl 16. Meir info om Bjørn-Westmarsjen og om bjornwest.no






Foto: Small ships Jan-Torry Sande

**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 9,4 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 576
www.fedje.kommune.no

**Landsbyen i havet**

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her, men opplevingar for dei som kjem hit. Så - uventa og velkomne - tørkar sola skyene bort. Vinden tagnar og så ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet. www.visitnordhordland.no.

## PROGRAM

### Kulturvandring gjennom landsbyen i havet

### Fredag 26.august

**Fedje fleirbrukshall**
Kl 18 – Historiekveld med Fedje historielag.

### Laurdag 27.august

**Small ships race**
Kl 12 – Regatta for born, med sjølvlaga modellbåtar etter faste mål. Pris kr. 50,-. Påmelding og spørsmål: Bjørn Ådne Kvalvik (mob 992 45 939).

**Open dag**
Kl 14 – Open dag på Kystverket sin trafikksentral

**Bedehusbasar**
Kl 16 – Tradisjonell bedehusbasar på Fedje bedehus. Arrangør er Fedje indremisjon.

**De musikalske dvergene**
Om kvelden vert det konsert med *De musikalske dvergene*, og dans med eit lokalt band, på Fab no. 8 (gamle Havstad Tinn/ Bjelland)

Me tek atterhald om eventuelle endringar. Sjå oppdatert program på www.fedje.kommune.no








**Adm. senter:** Sætre
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 57,4 $km^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 2 858
www.austrheim.kommune.no

**Austrheim kommune** ligg nordvest i Hordaland. På ein tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor etter utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid.

## PROGRAM

### Havsportveka 2016
8. - 14. august

Austrheim, Nordhordland og Bergen. Havsportveka er et allsidig sjø- og havsport-arrangement som har vokst til å bli det ledende arrangementet i Norden. Høgdepunkt er Havtriatlon, Ta sjansen. Nytt av året er NM i brettsegling. Havsportveka har mange aktiviteter på programmet og alle kan delta, du trenger ikke å være trent utøver - bare lysten til å prøve er der, da er du velkommen.

Mer informasjon og program havsportveka.no
Arrangør: Havsportlauget

### Fonnesdagane
12. -14. august

### Dajen før dajen
Fonneskaien, fredag 12. august kl 17 - 23

Steinar Albrigtsen & Nakkasleng. Sal av mat før konserten. Førehandssal av billettar på Sport 1 og Mastrevik Bok & Papir.

### Fonnesdagane - Dajen dar folk møtest
Fonneskaien, laurdag kl 12 - 16

Opning ved Kaland barnehage, Navy Vocalis og Nakkasleng. Veteranbåtar, veteranbuss, brannbil, brannbåt, taubåt, tempoklubb, nyrestaurerte kutterar. Fiskedam, levande lam, spikkeverkstad, teiknekrok, Eliasbåten, spleising Krabbe, fiskesuppe, rømmegraut, spekemat, smaksprøvar av grilla kval og hjort

### Fonnesdagane - Dajen darpå
Årvika, søndag

Det vert grilling og gudsteneste i friluftsområdet Årvika.
Grilling frå kl 14
Gudsteneste kl 16
Fonnesdagane er arrangert av Fonnes bygdelag

### Tur i fiskarbonden sitt rike
Krossøy, laurdag 20. august kl 14

Oppmøte på snuplassen på Krossøy. Tur i vakkert øylandskap, freda naustmilø, gardsmuseum, smie, fjøs, restaurert jodkjellar m.m. På til Storhaugen 32,5 m er det flott utsikt, og vi får orientering rundt karttavla. Sal av fiskesuppe og kaffi i naustet.

Ta gjerne også ein fottur heilt ut til Gavlen, før eller etter omvisinga. Turen passar for alle!
Arr: Krossøy Grendalag

### Eit skipsfartseventyr
Austrheim folkebibliotek, torsdag 1. september kl 16

Eit skipsfartseventyr, ei fotografisk forteljing frå gullalderen i norsk skipsfart 1875 -1975. I boka Eit Skipsfartseventyr foreinar forfattarane Silje Een de Amoriza og Ingrid Myrstad sin interesse for historiske fotografiar og skipsfartshistorie.
Arr: Austrheim folkebibliotek

### Kom-deg ut dagen
Årvika søndag 4. september kl 14

Familiedag på den nasjonale Kom-deg ut dagen i Årvika. Havsportsaktivitetar for store og små, grilling, bading, leik og moro. Arr: Fonnes Bygdelag i samarbeid med Austrheim kommune og Austrheim ungdomsklubb

# Kystkultur -<br>tradisjon og utvikling







**Adm. senter:** Knarvik
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 475,9 km²
**Folketal pr 1.1.16:** 15 607
www.lindas.kommune.no

**Der draumar blir røyndom -** Lindås er den største kommunen i Nordhordland, med regionsenteret Knarvik som naturleg knutepunkt. Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua. Lindås er ein fjord- og kystkommune med vakker natur frå fjord til fjell. Ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda, opplev lyngheiane og det opne, vakre kystlandskapet. www.visitnordhordland.no.

## PROGRAM

### DS Oster Tur til Gulen
Lindås - Austrheim – Gulen, søndag 14. august
Rutetider: Frå Askelandsvåg kl 08.30, Fonnes kl 11.00, Furnes kl 12 - 14. Vidare gjennom Kvigesundet, Eivindvik hamn, forbi Skjerjehamn og Mjømna, til Fonnes kl 16.45. Buss mot Knarvik/Bergen frå Fonnes 17.26. Takstar: Askelandsvåg/Fonnes – tur i Gulen - Fonnes kl 300,-. Meir info www.oster.no

### Bokkafe og foredrag
Eknesvågen, søndag 14. august kl 15
Berger Gjelsvik fortel om korleis det var å veksa opp og bu på Stall frå ca 1940 og fram til i dag. Open bokkafeen, sal av kaffi, vaflar mm. Arr. Eknesvågens venner

### Sommarfest i kulturlandskapet
Lygra/Lyngheisenteret , søndag 28. august kl 12 -15
Sommarfest i kulturlandskapet for heile familien. Familiebillett kr 100. Vaksne kr 50,-

### Bokkafe og foredrag
Eknesvågen, søndag 28. august kl 15
Tor Gangstøe frå Stiftinga Bryggen fortel om Restaurering av bryggen i Bergen.
Open bokkafe, sal av kaffi, vaflar mm.
Arr. Eknesvågens venner

### Sommarkveld ved fjorden
Lygra/ Lyngheisenteret, onsdag 31. august kl 17.30
Natur og kulturkveld med Foredrag v/Lasse Skeie – kjent turlagsmann. Tur på Lyngheiane for dei som ønsker det. Konsert Skål for livet av Veslemøy Solberg og Svein Ohrvik. Eit ekte norsk måltid. Arr. Knarvik Mila, Musikkens Venner Nordhordland og Nordhordland Turlag

### Tur til Baståsen
Vassel- Baståsen, søndag 11. september kl 11
Tur med innlagde konkurransar. Turen startar og endar med Lindås skulemuseum på Vassel. Museet er ope etter turen, sal av kaffi, brus og vaflar. Bokkafeen i Eknesvågen stengt. Arr. Eknesvågens venner

### Raudlisteteknikkar i Husflidens Hus
Hillesvåg, laurdag 10. september kl 10-15
Nordhordland Husflidslag demonstrerer raudlisteteknikkar, som td. brikkevev, sokkeband i Husflidens Hus ved Hillesvåg Ullvarefabrikk. Open kafé









**Adm. senter:** Manger
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 110 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 5 077
www.radoy.kommune.no

**Radøy med tilnamnet** *Den grøne øya* syner til den vakre og frodige naturen i kommunen fordelt på 269 øyar holmar og skjer. Radøy ligg sentralt i Nordhordland, 4 mil nord for Bergen. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya i vakkert kulturlandskap. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen. www.radoy.kommune.no/reiseliv

## PROGRAM

### Opning av kystsogevekene i Radøy

Bogatunet, søndag 14. august kl 12

Omvising på Bogatunet, foredrag om laksefisket og kulturelle innslag. Deler av bygningen er svært gamal, truleg tilbake til 1500 -1600 talet, og omfattar eldhus, røykstove, bu med loft og glasstove. Glasstova er yngst og er frå 1800-talet. Loftet over buda er frå kring 1735. I røykstova er det ein dekorativ bord, teikna opp av blanding av krit, kalk og vatn. Løa er rekonstruksjon av ei løe som stod her frå 1870 til mot slutten av 1900-åra. Tunet har og ein imponerande stein-/ jordkjellar. I huset er samla eldre bruksgjenstandar, og i løa er der jordbruksreiskapar mm. Tunet vart brukt som fast bustad fram til 1920-åra.

Servering av kaffimat på Kolstad grendahus. Båttur til naustmiljøet i Morkevikje. Sal av fiskesuppe i Morkevikje. Aktivitetar for store og små. Arr.: Radøy sogelag, Keipane kystlag, Radøy mållag og Kolstad krinslag.

### Open motorsamling

Radøyvegen 448 (Kalneset), laurdag 20. august kl 11 – 16

Radøy motorsamling held ope, og Guttorm Storheim viser fram den store samlinga med over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt. Dei aller fleste motorane er sette i stand, og ein del av desse motorane vil verta starta opp denne dagen. Samlinga inneheld også traktorar og jordbruksmaskiner. Servering av kaffi og vafler. Gratis inngang.

### Nøtlevågdagen

Nøtlevåg, laurdag 20. august kl 14

Familiedag med ulike aktivitetar for store og små. Kafe og bruktbutikk. Bryggjetreff med dans og musikk på kaien for dei vaksne om kvelden

### Bøvågen familiefest

Hordabø idrettspark, søndag 21. august kl 12 -16

Tivoliaktivitetar, hoppeslott og anna moro. Kiosk med sal av m.a. brus, kaffi og kaker

### Onsdagstur – Søre Toska
Manger – Toska , onsdag 24. august kl 18

Frammøte ved Rådhuset på Manger Turleiar: Harald Åge Sætre (932 02 980) Arr: Nordhordland Turlag

### Padletur – Risnes – Villangervågen
Risnes, torsdag 25. august kl 18

Du må ha eigen kajakk. Turleiar: Svein Jørgen Hvidsten (905 17 942) Arr: Nordhordland Turlag

### Barnas turlag – Søre Hallandsvatnet
Søndag 28. august kl 12

Oppmøte ved brua på austsida av Hallandsvatnet. Turleiar: Ingunn Halland (462 39 880)
Arr: Nordhordland Turlag

### Familiedag med fiskekonkurranse
Sæbøvågen søndag 28. august kl 12 – 15.30

Fiske med stang eller snøre frå båt eller frå land. Keipane kystlag har nokre båtar til låns. Fiskekort kan kjøpast på Slippen fra kl 12. Startkontingent: Kr 50,- Familie kr 100,-. Premier for mest, minst (under 12 år) og størst fisk. Veging kl 16.00. Premieutdeling kl 16.15. Krabbedam og barkebåtdam. Kafé med m.a. sal av fiskesuppe. Arr.: Keipane kystlag

### Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet
Boga, 29. - 31. august

Måndag 29. august kl 9 - 13
Tysdag 30. august kl 15 - 18
Onsdag 31. august kl 9 - 13

Skuleklassar frå Austebygd skule er på Bogatunet og levandegjer korleis familiar levde på 1850-talet. Elevane er kledd opp i gamaldagse klede og lagar tradisjonskost. Eldre menneske og tardisjonsberarar syner og fortel elevane om dei tradisjonelle gjeremåla. Arr. Austebygd skule og Radøy sogelag

### Temakveld – Skipsfartseventyret
Radøy bibliotek, tysdag 30. august kl 20

Foredrag av forfattarane av fotoboka «*Skipsfartseventyret*», Ingrid Myrstad og Silje Een de Amoriza. Arr.: Radøy bibliotek

### Risnesmarknaden
Rossnes kai laurdag 3. september kl 13- 16

Salsboder med kortreiste varer. Hesteskokasting og luftgeværskyting. Levande musikk. Sal av mat, brus og kaffi. Alle samlast på kaien. Parkering på Villanger. Veteranbuss går i skytteltrafikk frå Villanger. Arr.: Risneskrinsen grendalag.

### Bakekurs på Radøystova
Sletta, laurdag 3. september kl 17 - 21 og søndag kl 10 - 17

Bakekurs med Arve Gjellesvik. Lærer å baka på gamlemåten med ma. surdeig. Laurdag teori om råvarer, opplæring i baketeknikkar og ein byrjar på deigen og lagar pizza. Søndag gjer ein ferdig deigane og steiker brød, rundstykke og bollar. Pris kr. 1600,-, kurs inkl. kurshefte, bakevarer og mat. Påmeldingsfrist fire dagar før kursstart. Info/påmelding, tlf. 909 33 703, arvegj@start.no

### Open gard på Radøy ridesenter
Søndre Solend, sundag 18. september kl 11-13

Det vert ponniridning og sal av vafler og kaffi til inntekt for rideklubben, samt høve til å helsa på nokre av dei ulike dyra på garden.

### Arrangement på Utvandrarsenteret
Vestnorsk utvandringssenter, Sletta

Tid og meir info kjem. Følg med på websidene www.muho.no for meir informasjon.

### Ope på Nordanger gardsmuseum
Nordanger, søndag 18. september kl 12 - 15

Den gamle skulen på Nordanger var i bruk til 1912, og er no museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet. Denne dagen kan du sjå skulehuset og samlingane. Inngang kr. 20,-







**Adm. senter:** Lonevåg
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 274,6 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 7 957
www.osteroy.kommune.no

**Utvikling - Samhald - Livskvalitet**

Osterøy, er den store innlandsøya ligg omkransa av Osterfjorden, Veafjorden og Sørfjorden. På Osterøy finn du einestående lagsliv, småindustri og rike handverkstradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg. Ein rundtur på Osterøy gjev høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar.

## PROGRAM

### Utstillingar i Galleri Mjøsvågen

Kystsogevekene 13. august - 18. september.

For andre aktivitetar i Mjøsvågen følg med på: www.gallerimjosvagen.no og Facebook.

### STRILAMAT - Kulturminnedag med matkultur

Gjerstad/ Osterøy museum, 18. september kl 13 - 17

Vi treskar korn, bakar brød og haustar inn lokale matressursar på Osterøy museum

Deltaljert program finn du på www.muho.no







**Adm. senter:** Bergen
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 465,4 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 277 391
www.bergen.kommune.no

**Bergen fekk bystatus** av Olav Kyrre i 1070. Tørrfisken var basisen for handelen og byen sin framvekst. Bergen er framleis ein viktig hamneby i Noreg, med cruiseskip, lasteskip og som hamn for fiskeflåten ved dårleg ver. Eit av Håkonarspela, Håkon Adalsteinfostre av Johannes Heggland, har si handling frå Håkonshella, kor Håkon både vart fødd og døydde. I Kulturbyåret 2000 vart dei fire spela om Håkon den Gode vist som ei heile på Bergenhus Festning, då vart også Kystsogevekene 2000 opna offisielt i Bergen. Reiseliv sjå www.visitbergen.com

## PROGRAM

### Gøy på landet
Hordamuseet/Stend, søndag 21. august kl 11-16

Veteranbuss fra Lagunen til og fra Museet Stend Stasjon, der det er veteranbiltreff. Er du heldig får du en tur med veteranbil til Hordamuseet denne dagen.

På Hordamuseet møter du en gardskone som baker flatbrød, vasker klær, gjør ulike håndarbeid, raker og sager ved, bli med på en del av arbeidet.

Vær med båtlaget Fanafjorden Tradisjonssegling å ro i færing, seksæring og seile med råseil og spriseil. Bygg din egen trebåt og prøv den i båtdammen vår. Hordaland Husflidslag viser hvordan en lager hoppetau på reperbane og snorer med slyngestokk.

Besøk skolestua og skriv på tavle med grifler eller penn og blekk og lek på skoleplassen. Hjemmelaget fiskesuppe og nystekte fiskekaker. Foreningen Sprattus Sprattus har og frityrstekt brisling til salgs! Stemningsfull musikk ved Fanaduren kl 12-14.skoleplassen

### Kurs i kipebinding
Hordamuseet/Stend, lørdag 20. august

Kurs i å lage minikiper med Samson Øvstebø. Utstilling om flettetradisjoner i Norge og Polen, Viva Basket. Utstillingen i museets hovedbygning under Gøy på landet og i åpningstiden frem til utgangen av september. Se www.bymuseet.no for mer informasjon

### Osbanen - open stasjon på Stend
Titlestadvegen 12, søndag 21. august kl 11 - 15

Stend stasjon får besøk av Bergen Veteranvogn Klubb med 10-12 veteranbiler fra perioden 1925-65. Osbanens Venner har utstilling i venterommet med gjenstander fra Nesttun - Osbanen som trafikkerte strekningen. Foreningen selger kaffe, vafler, is og brus, samt prospektkort og andre suvenirer.

I samarbeid med Hordamuseet har vi hyret en veteranbuss som går fra Lagunen hver hele time fra kl 11 til kl 14, med retur fra Stend stasjon kl 11:30/12:30/13:30. Siste retur kl 15:00. Voksne 20,- og barn 10,- pr tur. Tilbud om transport med veteranbil fra Stend stasjon til og fra Hordamuseet.

## Festningsdagene

Bergenhus festning, lørdag 27. og søndag 28. august

Middelalderfestival med aktiviteter og formidling av Bergens og festningens historie fra årene 1100-1500. To dager med middelaldermarked, Middelaldermarked, med tilreisende og lokale handelsfolk, som tilbyr håndverksprodukter som klær, redskaper og leker med utgangspunkt i middelaldertradisjoner.

Publikum kan se, og delta, i tilvirking av redskaper, bruksgjenstander og tekstilarbeider, samt mat som blir laget på tradisjonsrike måter. I det medisinske hjørnet kan man lære om urter som medisin, samt annet som ble tillagt helsebringende virkning, som amuletter, i middelalderen.

Mange aktiviteter for barn og voksne; sverdkamp, pil- og bueskyting, foredrag, vandringer, konserter, samt hoffskole. En kan oppleve forsvarsteknikker som pilregn, kastemaskinen Magnus, og skyting med håndkanoner. Videre vil det foregå ulike workshops med basis i håndverkstradisjoner og på Koengen vil Forsvaret vise fram militært utstyr fra tidligere og nyere tider.

Åpningstider 12-16 begge dager Kr. 100,- for voksne, 50,- for barn, (BT Fordel kr. 60,- for voksne) Arr: Aktører på Bergenhus Festning; Kommandantskapet på Bergenhus, Statsbygg Vest, Forsvarsbygg nasjonale festningsverk og Bymuseet i Bergen

## Wardruna i Håkonshallen

Bergenhus festning/Håkonshallen kl 18-24

Før og etter konserten serveres mat og drikke i Gildeteltet i borggården foran Håkonshallen. Rammene er satt for en opplevelsesrik kveld i ekte middelalderånd. Dørene til Håkonshallen åpner kl. 20. Aldersgrense 18 år. www.bymuseet.no www.facebook.com/Bergenhusdagene/

## Sandviksdagene

Sandviksboder Kystkultursenter, lørdag 3. september og søndag 4. september kl 11-16

I år er det 10. året dagene arrangeres med aktiviteter over hele Sandviken. Da skjer det mye rundt i hele Sandviken, men mest foregår det i kystkultursenteret, med et mangfold av aktiviteter og tilbud på land og vann, og gratis adgang i Norges Fiskerimuseum. Gratis.

Arr: Institusjoner, museer, lag og foreninger i Sandviken. Koordinator: Sandviksboder Kystkultursenter og Bymuseet i Bergen www.kystkulturbergen.no

# Kystkultur - tradisjon og utvikling









**Adm. senter:** Kleppestø
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 100,5 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 28 380
www.askoy.kommune.no

**Askøy vart knytt til** fastlandet med Askøybrua som vart opna i 1992. Avstanden mellom det kommunale administrasjonssenteret i kommunen, Kleppestø på søre Askøy til Bergen sentrum er 14 km og avstanden frå Kleppestø til Herdla heilt nord er 28 km.

www.kysteventyret.no

## PROGRAM

### Hanevikdagen

Hanevik, søndag 21. august kl 12–17

Inngangsbillett og bussbillett: Ti for dei store og ti for dei små

For sjuande år på rad drar vi i gang Hanevikdagen som kan styrke kjennskap mellom grannar, kjensle av den bygda vi bur i og oppleving av kultur i eit vakkert landskap. Tema for dagen i år er *"Hus, Heim og Syssel"*. Både musikarar, kunstnarar og handverkarar kjem for å delta med konsertar og utstillingar. Det vert også rollespel for barn og unge. Her er salsboder og kaféar, ei lita scene og aktivitetar til lands og til vanns.

DS Oster kjem til å ligge ved kai under arrangementet. Skipet hentar gjester til Hanevikdagen på Holmeknappen kl 11.30 og tar dei heim att når Hanevikdagen er over.

Veteranbuss i rute mellom Ask og Hanevik, ta gjerne denne koselege turen og parker på Ask, så slepp du leite etter parkering i Hanevik.

### Program

Kl 12 Opning ved Einar Nilsson

Salgsboder, kaféar og aktivitetar opnar Konsert frå hovedscena og i naust
Kunstutstilling med Askøy-kunstnarar
Veteranbuss i skyttel mellom Hanevik og Ask

### Aktivitetsdag på Herdla fort

Herdla fort, søndag 4. september kl 10 -15

Aktivitetar for heile familien: natursti, ringmerking vikingleik, zip-line, utemat, disk-golf, sykkelshow, torpedobatteri, leikeverkstad, flyutstilling, kanonsalutt, kafé m.m. Arr: Askøy Turlag, Askøy Kommune, kulturavdelinga, Museum Vest + ei rekkje friviljuge lag











**Adm. senter:** Rong
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 66,6 km²
**Folketal pr 1.1.16:** 4 852
www.oygarden.kommune.no

**-Brubyggjaren**

Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden; heile 500 ved fjære sjø. Etter at ein fekk ferjefritt samband har kommunen vore i ei rivande og utfordrande brytningstid kjenneteikna mellom anna ved jamn og stor folkeauke og mange nye etableringar innan næringslivet. Dei viktigaste næringsvegane er knytte til sjøen. I dag er kommunen leiane innan havbruk og fiskeoppdrett. Frå sjøen kjem også olje og gass til industrianlegg som gjev kommunen stor utvikling og viktige arbeidsplassar. Regionen har og gode vilkår for friluftsliv, fiske og sjøsport. www.kysteventyret.no

## PROGRAM

### Hellesøydagen

Hellesøy, laurdag 13. august kl 10-16

Aktivitets- og lokal markedsdag.  Aktiviteter: Dale Oen Experience med klatrevegg, krabbefiske, hoppeslott, lykkehjul og veteranbåt. Arr. Hengjos Venner. www.visithellesoy.no

### Richard Burgess og Gabriel Fliflet – konsert

Ovågen/Kystmuseet i Øygarden, søndag 21. august kl 18

Richard Burgess og verdensbergenseren Gabriel Fliflet skal i vesterled til Shetland i august. Etter heimturen skal dei ha ein konsert i kafeen på Kystmuseet. Programmet vert ein variert meny av songar med det maritime som fellesnemnar. www.museumvest.no

### Strilafestivalen

Torsvikhøgda (ved Torsvikhuset)
2. og 3. september

Møteplassen med de mange positive opplevelser for folk flest

Fredag 2. september kl 21:
Inne på Torsvikhuset med; Jens Erik Aasmundseth & Poor Boys-Creedence Clearwater Revival Band

Lørdag 3. september frå kl 14:
På dagtid lørdagen vil det bli lokale artister / band som skal få vise seg frem. Storscene utenfor Torsvikhuset med ; Lokale "ukjente" band og artister. Licksome Chicks, Ausekarane, Lucky Pigs-Pink Floyd Consept Band, Grace & Menace, X-TRA.

Det blir salg av mat og drikke. strilafestivalen.com
Arr. Torsvikhuset



**Adm. senter:** Straume
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 148,1 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 24 870
www.fjell.kommune.no

**Fjell kommune** grensar i sør til Sund, i aust til Bergen, i nord til Øygarden og i vest til storhavet. Kommunen er fordelt på nordre delen av Sotra, Litlesotra, Bildøyna og om lag 270 større og mindre øyer og holmar. Folketalet har vorte meir enn tredobla i løpet av 35 år. Side om side med folkeauken har kommunen utvikla seg til eit moderne samfunn med gode kommunikasjonar og eit rikt tenestetilbod. Overalt i kommunen har du lett tilgang til rike natur- og kulturopplevingar: Du kan slengja ut snøret og få deg ein kokefisk, du kan bada og driva sjøsport, du kan vandra over blankskura svaberg, knausar og kollar, du kan nyte fuglesongen i bjørk og kratt, fargespelet i lyngen og lukta av brake. Steingardar og heimebøar, naust og bryggjer, trebåtar og nothengjer er storslåtte minne over ein smålåten kultur. Går du opp i Liatårnet 341 mover havet og det høgste punktet på Sotra, ser du vidt og fritt frå Hjeltefjorden til Folgefonna, og utover mot havet som blenkjer - eller reiser seg i sitt velde - i vest.
www.kysteventyret.no

## PROGRAM

### Langøymarknaden

Langøy Kystgard, laurdag 27. august og søndag 28. august, begge dagar kl 12 - 17

Sidan august 2002 har Langøymarknaden på Langøyna vestom Sotra vore eit årvisst arrangement, og også i år vil det bli lagt til rette for utstilling og sal av lokal mat, kunst og handverk ... og for at unge og eldre skal kunna møtast og trivast. I Gamlanaustet og Krambua er det fullt opp av husflid, kunst og kultur.

På bryggja, på Bakarloftet, i gamleutikken og på marka ved bakeriet kan vi nyta kortreist tradisjonsmat, eller vi kan rusla rundt på det unike området, sjå på gamle båtar, slå av ein prat med kjentfolk, lytta til song og musikk, bada, padla i kano og kajakk, fiska eller utforska livet i fjæresteinane.

Fyll båten eller bilen med slekt og venner og kom!

Arrangør: Fjell Kystlag










**Adm. senter:** Skogsvåg
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 99,7 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 6 975
www.sund.kommune.no

**Livet ved havet.** Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdiar er fokus for Sund kommune. Det vert elles lagt vekt på trygge bumiljø, gode oppvekstvilkår og aktiv medverknad i ein desentralisert krinsstruktur. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet. Kommunen er og aktiv med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid. Barn og unge har hovudfokus i arbeidet med vern, vekst og utvikling.
www.kysteventyret.no

## PROGRAM

### Hamnedagane
Kleppesjøen 19. - 20. august

### Hamnemila-1852
Fredag 19. august kl 17.30, premieutdeling kl 20
Motbakkeløp på ei nautisk mil frå Kleppesjøen til Kleppaksla, høgdeforskjellen ca 200 meter. For vaksne og born.

### Hamnekonserten Vivian Steinsland m/ spelemenn
Dørene opnast kl 20, konsertstart kl 21
Vivian Steinsland er frå Sund syng om kystkultur. Øygarden og Sotra Veteranbussklubb stiller med busstransport.

### Hamnedagen
Kleppesjøen, laurdag 20. august kl 09.30 - 16
Hamnedagen vert fylt med musikk, kultur, leik, marknad, fiske, kafé, konkurransar, underhaldning og mykje meir. Sal av spennande lokal mat og handtverk i nausta.
Johannes Kleppevik Minnepris skal delast ut på utescena.
Kl 9.30 – Påmelding til fisketevling, kl 10 Fisketevlinga startar.
kl 11 Marknaden opnar: Aktivitetar for barn. Filmframsyning – Sotratrampen. Fotoutstilling – Hengjo 100 år. Historieforteljing. Kunstutstilling. Levande musikk.
kl 12 - 13 Fisketevling i indre hamn. kl 13.30 Premieutdeling
kl 14 Utdeling av Johannes Kleppevik sin minnepris
Parkering ved Sund ungdomsskule.
Gratis skyttelbuss frå Øygarden og Sotra Veteranbussklubb til og frå Kleppesjøen.
Camping og bubil, sjå meir www.hamnedagane.no Arr: Kleppe Grendalag

### Kyststemne i Trellevik
Trellevik kystkultursenter, søndag 28. august 11 – 15.30
Kl 11 Gudsteneste ved Prostiprest Godtfred Haugland
Kl 12 - 15.30 Familiedag med aktivitetar.
Eliasbåten – Kajakkpadling –kanopadlin - optimistjoller. Turløype. Lykkehjul – utlodding.
Kafeen åpner i Skjenkestova
Kl 12. 15 Opning av Olaf Toft samlinger i Tofterøy Skule
Kl 13.30 Kulturprogram i Trelleviknaustet. Audun Hausberg fortel om Loyal liv og levnet. Sang og musikk innslag. Trekking utloddinger.





**Adm. senter:** Storebø
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 117,2 $km^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 5 118
www.austevoll.kommune.no

**Austevoll - ut mot hav**
Austevoll er den største fiskerikommunane i Norge med stor aktivitet innanfor den havgåande fiskeri. Kommunen har totalt 667 øyar, holmar og skjer. Austevoll er knytt i saman av ei mengd bruer, og då den nyaste er brua mellom Huftarøy og Hundvåkøy vart opna i 2007, vart 97 prosent av austevollingane knytte saman med vegsamband.

## PROGRAM

### Kystsogehelg i Bekkjarvik
19. - 21. august

Kystsogehelga i Bekkjarvik og Kvalvåg har vorte arrangert i ei årrekkje og har etablert seg som eit stort kulturarrangement i dei tradisjonsrike gamle kremmerleiene. I Kystsogehelga ønskjer vi å presentere historia vår her ved kysten; med underhaldning, aktivitetar og marknad som skal

### Konsert med Ingebjørg Bratland i Hengjo
Fredag 19. august kl 20

### Marknad, folkeliv og rokonkurranse
Lørdag 20. august

**Kl 10:** Torgdag på kaien

**Kl 12:** Offisiell opning av arrangementet

**Kl 13:** Fiskekonkurranse for borna

**Kl 15:** Rokonkurransen *Edel kappestrid mellom øyane*

**Kl 22:** Jazzbandet *Blue Horn* frå Sykkylven spelar i Stolmen kyrkje i Kvalvågen

### Sundag 21. august
kl 12 Utegudsteneste på Skjeret i Bekkjarvik
kl 14 Oselvarseilas med Austevoll Seilforening, i samband med Seilingens dag

Bekkjarvik Gjestegiveri har ope restaurant og paviljong heile helga!







**Adm. senter:** Osøyri
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 139,8 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 19 742
https://oskommune.no

**Det ligg ei bygd** mellom fjordar og fjell... Os ligg veg Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er nærast granne til Bergen, og her bur det over 17 000 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Os kommune har ein båt under ei stor rose og ni stjerner i kommunemerket. Det symboliserar dei to handverka bygda er mest kjend for, rosemåling og båtbygging.

## PROGRAM

### Opninga av Kystsogedagane i Os
Søre Øyane, laurdag 13. august

Tradisjonen tru vert opninga av Kystsogedagane i Os markert i Søre Øyane. Det vert fiskekonkurranse, sal av mat, loddsal, underhaldning mm. på kaien v/ Bunnpris

### Utstillingsopning Vedholmen Galleri
Søre Øyane, Vedholmen Galleri,
laurdag 20. august kl 12

Line Hvoslef (Maleri) Åpning ved Opera Omnia. Utstillinga står 20. august tom. 18. september: Vedholmen Galleri Åpningstider: Torsdager kl 16.00-20.00. Fredag, laurdag og søndag kl 12-16

### Bondens dag
Kyrkjeflaten og Os sentrum, laurdag 27. august
Marknad, torghandel og aktivitetar for vaksne og born på Kyrkjeflaten og i Os sentrum

### Oselvarfestival
Osøyro, laurdag 3. september

Aktivitetar for born og vaksne i området Oselvarvekstaden- Oselvarnaustet. Det vert utstillarar, mykje song og musikk, og ikkje minst; kapproing i Oselvar!







**Adm. senter:** Eikelandsosen
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 378,8 $km^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 3 876
www.fusa.kommune.no

**Fusa - midt i blinken!** Fusa ligg i det frodige og opne fjordlandskapet i Midthordland. Kommunen har ei lang kystline på ca 198 km med mange holmar og skjær og næringsvegane har vore prega av kystkulturen. Tidlegare var Fusa stor på produksjon av tretønner for fiskeria. I dag er fiskeoppdrett ein viktig leveveg. På kultursida er Fusa prega av at ein har mange livskraftige bygder og grender med trygge oppvekstmiljø og mykje organisert aktivitet, særleg for barn. www.visitfusa.no.

## PROGRAM

### Torgdag på Engevik gaard – og ope tun på frigarden Mjånes
Engevik og Mjånes, søndag 28. august Kl 12-17

### Omvising på frigarden Mjånes
Medan Engevik var millitær sjefsgard på midten av 1700-talet var fleire av underoffiserane i det Sunnhordlandske kompani busett på gardar i området. Mjånes var ein slik millitær frigard. Tunet har m.a. den eldste løa i Fusa og fleire interessante bygningar og ligg flott til. Omvising med kunsthistorikar Nils Georg Brekke.

### Kulturhistorisk transport
Transporten mellom Engevik og Mjånes går med veteranbuss og seglkuttaren Seladon frå Fitjar. Reisa vert ei kulturhistorisk oppleving i seg sjølv. All parkering på Engevik gaard.

### Ope tun på Engevik Gaard
Matservering og høve til å sjå seg om i husa som alle skriv seg frå 1700-talet.

### Hagekonsert kl 12.15 og 15.30
Hagekonsertar frå utescenen i Engevik med dei unge talenta Kristin Mjånes Myklebust og Fatima Revne, ein konsert kvar.

### Torghandel
På torget vert det alt frå lokale handverksprodukt til utstilling av kunst og sal av frukt, grønt og bakevarer!

### Kåseri i Buo kl 13 og 16
Etnolog Ella Marie Brekke Vangsnes vil snakka om Engevik og arven frå dansketida.

### Utstilling
Bygdefotografen Einar Sundvor har etter seg ei unik samling av foto frå første halvdel av 1900-talet av folk og miljø frå søre Fusa og særleg grendene ved Lygrepollen. Kulturkontoret har digitalisert alle bileta og du får smakebitar på Kystsogedagen.

Utdeling av Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris for 2016, kl 16









**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 255,2 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 2 797
www.tysnes.kommune.no

**Tysnes ligg i hjarta** av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka. Blankskura svaberg, fjell- og furuskog, skjergard, stupbratte fjellsider og område med fjelltoppar på over 750 meter. Gudeøya Tysnes - framtid på historisk grunn er motto for kommune. Njardarlog er det gamle namnet og gudeøya er eit tilnamn som spelar på dette gamle namnet og tilknyting til hav- og grødeguden Njord og til det noverande namnet Tysnes med referansar til guden Tyr. Tysnes er ei mytisk øy med mykje kultur og historie. På Onarheim var det Olavsgilde. visitsunnhordland.no

# PROGRAM

### Siglarveko for Oselvar 9. – 12. august opplading til NM

### NM i Oselvar

12. -14. august. Seilasane byrjar 13. august Arr. Båtlaget Njord Tysnes
Meir info www.sigling.no/siglarveko, www.sigling.no/nm og www.facebook.com/njordtysnes

### Seilingens dag

Våge/Njordstø, laurdag 20. august

Siglarlaget Njord/Tysnes inviterer folk til å få innsikt i den store naturopplevinga og rekreasjonen det er å segle og nyte friluftslivet på sjøen. Meir info www.hordaland-seilkrets.no

### Dansegalla i Tysneshallen – med Hanne Mette Band og Bris!

Våge, laurdag 20. august kl 20

Til deg som er glad i å danse, to flotte band som skal setja fart i dansefoten Hanne Mette Band og Bris! Tysnes Skulekorps tek seg av bubilparkeringa. Bill kr. 350,- 18 års aldersgrense. Sal av øl, vin, mineralvatn og hot dog. Gjestehamn i Våge. Arr. Tysnes musikklag

### Arrangement i kulturkyrkja

Onarheim, laurdag 27. august
Kylturkyrkja vil ha eit arrangement. Meir informasjon kjem.

### Kulturløo på Drange

Drange, laurdag 3. september kl 12 - 17

Kulturløo på Drange har ein av dei største autentiske gardssamlingane i Sunnhordland. De vil få innblikk i alle dei gamle arbeidsredskapa dei brukte på gardane på Tysnes frå ca. 1850 og fram til 1950 og seinare. Forteljarkunstnaren Anne Elisabeth Skogen tek oss med på reisa Med Restauration til Amerika - det første norske emigrantfølgjet som segla over Atlanteren til Amerika i 1825. Arr. Kari og Helge Drange

### Folkedrakter på Tysnes - frå 1800-talet

Dokkegalleriet ved Tysnes kyrkje, laurdag 3. og søndag 4. september kl 12 - 17

Utstilling i Galleriet på Breidablikk (Dokkegalleriet), Grovarvegen 16 v/Tysnes kyrkje Utstillinga vil visa eit mangfald av særleg kvinneklede frå 1800-talet.

Laurdag 3. september kl 13: Foredrag om Folkedrakter på Tysnes v/Britt Kjellesvik Rage (i utstillingslokalet).

Britt Kjellesvik Rage har i fleire år samla og systematisert gammalt draktmateriale, som ein m.a. kan sjå i folkedraktdokkene som ho er kjent for og som også vil bli stilt ut. I samband med utstillinga vil ein dessutan kunna sjå delar av Britt sin øvrige produksjon av tekstiler og historiske plagg. Gratis adgang. Arr.: Britt Kjellesvik Rage

### Den gamle tingskipnaden i Sunnhordland

Skorpo skule, søndag 11. september kl 15

Anders Haugland held foredrag om Den gamle tingskipnaden i Sunnhordland. Dei reiste medsols rundt i distriktet to gonger i året - båten var bilen og fjorden var vegen. Og det hende at uvær tok heile tingferda. Me skal verta kjende med denne delen av kystkulturen. Arr. Tysnes sogelag

# Kystkultur - tradisjon og utvikling







**Adm. senter:** Fitjar
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 142,8 $km^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 3 140
www.fitjar.kommune.no

**Det nære øyriket**

Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland og Håkon den Gode var sterkt knytt til Fitjar, og Håkonarspelet Kongen med gullhjelmen har vorte sett opp her med jamne mellomrom. Det første Kystsogevekene vart i 1997 offisielt opna på Fitjar med urframføringa av Håkonarspelet. I dag er Fitjar ein livskraftig kommune i vekst. Her er ein fantastisk skjergard og det vert hevda at det er like mange øyar utanfor Fitjar som det er dagar i året.

## PROGRAM

### Fitjarfestivalen 2016

11. - 14. august

Det vil verta program både for små og store festivaldeltakarar. Til dømes den årvisse fiskefestivalen på laurdag, program og aktivitetar for dei minste, ungdomsdiskotek, Festival Jam, konsertar og dans.

Festivalen si bodgate vil innehalde blant anna både lokalprodusert handarbeid og kunst samt kortreiste matvarer frå distriktet rundt Fitjar.

### Klang frå oldtiden

Moahagen, søndag 14. august
Konsert på bronselur i Moahagen om kvelden, i regi av Fitjar kommune v/kultursjef og Stiftinga Håkon den gode.
Følg med på www.fitjarfestivalen.no eller www.visitsunnhordland.no

### Museumsdag på Årskog museum

Årskog, søndag 11. september kl. 13-16

I samarbeid med Fitjar Husmorlag. Kafé, aktivitetar og open utstilling i kjellaren.
Arr. Fitjar kulturkontor og Sunnhordland Museum.










**Adm. senter:** Leirvik
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 143,6 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 18 775
www.stord.kommune.no

**Stord er einaste byen** i Sunnhordland og senter for regionen. Her er knutepunkt for kommunikasjonane innan og til og frå Sunnhordland. Ved sida av landbrukstradisjonane har Stord utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri, skulesenter og eit breitt spekter av serviceverksemder. Kvar du enn er i kommunen har du stranda og høgfjellet innan kort avstand. Stord har eit rikt planteliv og variert berggrunn. Kristtorn som veks villig og fritt, er motiv i kommunevåpenet www.visitsunnhordland.no.

## PROGRAM

### Vervadagane

Sagvåg/Jensaneset, laurdag 27. august kl 10

Open verv med skipsarbeid, tradisjonabåtar med kaien, smedi smio, saging på oppgangsaga. Omvisingar. Maritime kunstarbeid vert seld frå boder. Maleriustilling og utstilling av skipshalvmoddeller og trebåtar.

Konsert ved Sagvåg Musikklag. Kafe i Ragabuo, butikken er open med sal av snop, boller og brød.

### Vervagudsteneste

Verven, søndag 28. august kl 11

Gudsteneste etterfulgt av kyrkjekaffi i Raugabuo

### Open dag i Sunnhordlandstunet

Leirvik, laurdag 3. september kl 11-15

I samarbeid med Stord Husflidlag blir det også i år kafé, opa krambu, demonstrasjonar av gamle handverk, leikar for born, etc. Tema: Broderi. Utstillinga 6 millionar sting www.sunnhordland.museum.no

### Langs kysten med årer, segl og song

Leirvik, onsdag 14. september kl 19

Museumshallen på Sunnhordlandstunet: Fred Ola Bjørnstad syner bilde og fortel frå mange års ro- og segltur langs kysten vår i ein nordlandsbåt. Saman med kona Anne Loe på piano, hentar dei fram songar med tema frå sjøen og havet som dei framfører, eller dei får oss med i songen.








**Adm. senter:** Svortland
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 246,3 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 11 778
www.bomlo.kommune.no

**Bømlo er Sunnhordland** sitt ytste vern mot eit storhav i vest som gjev arbeide og kvile, sorg og glede til menneska som bur på dei 1000 øyane som kommunen er sett saman av. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. I dag er det skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og høgteknologiske verksemder knytt til det maritime miljøet som pregar næringslivet. Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, og for kulturinteresserte som søkjer opplevingar tufta på gamle og rike tradisjonar. www.visitsunnhordland.no.

## PROGRAM

### Kystsogevekeutstilling i Moster Amfi

Moster Amfi, laurdag 13. august kl 12

Årets utstillar er Per Flatøy. I to år har han laga nye maleri til utstillinga der menneske, huset og båten har vore tema.

### Kystsogedagane i Langevåg

Langevåg/Langevåg bygdetun 26. - 28. august

**Fredag 26. august kl 19-01**
Lubbesild og sjømatbuffet, med konsert av Slomakane & Pub
Kl 19 Dørene opnast
Kl 19.30-21.00 Servering av sjømat buffet
Kl 21 Konsert med Slomåkane
Pubkvelden forsetter m/trubaduren Jon Anders.
18 års aldersgrense. Billett inkl buffet 350,-

**Laurdag 27. august, dagtid**
Kl 9.30 – 10.30 sal av frukost i kaféen
Kl 10.45 Opning ved konferansier Kurt Johansen.
Svanhilds orkester, spelar heile dagen
Kl 11.30 Rokonkurranse
Kl 12 Matsal; kvalkjøtt, fiskesuppe, bacalao, grillmat, kaker og kaffe
Kl 13 Trekning av vinner kakebaker
KL 13 – 14.30 Karneval med dukkevogn og to/trehjuls sykkelparade for aldersgruppa 0-8 år i gymsalen på skulen. Gratis. Ledere: Lene Pedersen & Anita Pedersen.
Kl 14 Auksjon. Loddsalg heile dagen
Kl 15.10 Kassabilløp «Vodlabrekkå». Flotte premier
Kl 16 Premieutdeling, loddtrekning
Kl 16.15 Gratis konsert med Berge Ohm

Gratis bubilparkering, og mange båtplassar.
Billettprisar: Dagpass Laurdag 50,-, Fredagskveld 350,-, Laurdagskveld, 600,-, helgepass 750,-.
Meir på bygdatunet.no og Kystsogedagane i Langevåg på Facebook

## Kystsogedagane i Langevåg

**Laurdag 27. august, kveldstid**
Kl 20 Dørene opnast
Kl 21 Show med Ausekarane
Kl 23 Dans med Trekantsambandet

**Søndag 28. august**
Program i Bømlo Kirke denne helga. Meir info kjem

Kl18 Gratis kino & pizza for ungdom 11 – 18 år. Påmelding kino Frode i Bygdatunet. post@bygdatunet.no

## Kanaldagane 2016

Finnås/Kulleseidkanalen, 2. - 4. september

Kanaldagane vart starta i 2002 som ein del av Kystsogevekene - og eldsjeler i bygda. Målsetjinga er å fremja gammal og moderne kystkultur langs kysten vår. Under Kanaldagane blir området rundt Kulleseidkanalen eit marknadsområde med mange ulike utstillarar og alle slag god underhaldning. I kanalen ligg flotte trebåtar og visar fram god, gammal båtkunst på sitt beste. www.kanaldagane.no

**Fredag 2. september**
kl 16 Messeområdet opnar
kl 17 Brannbilen kjem på besøk
kl 17.15 Våge Skulemusikklag
kl 17.30 Opning
kl 18 Algofilia
kl 19 Barnediskotek
kl 20 Diskotek 1-7 kl
kl 21 Messeområdet stenger

**Laurdag 3. september**
kl 10 Messeområdet opnar
kl 11.30 Barnekoret Lydius
kl 12.30 Foredrag Historia om Melkevik og dokumentarfilmen
kl 12.30 Piratshow
kl 14.30 Voice of Joy
kl 16 Mathea Mari
kl 20 Messområdet stenger
Eliasbåter, Hoppeslott, mm.

**Søndag 4. sepember**
kl 10 Messeområdet opnar
kl 11 Gudsteneste m/Havdur
kl 12.30 Havdur
kl 14.30 Bømlo Kormix
kl 16 Utdeling av Kanaldagsprisen 2016
kl 17 Messeområdet stenger

# Kystkultur - tradisjon og utvikling







**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 245,7 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 5 593
www.sveio.kommune.no

**Sveio - midt i leio.** Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland ligg sentralt ved seglingsleia langs kysten. Flòkavarden, seinare Ryvarden, har vore seglingsmerke i over 1100 år, og folket i Sveio har hatt sjøen både som matfat og arbeidsplass. www.visitsunnhordland.no.

## PROGRAM

### Fyrjazz
Ryvarden Kulturfyr, søndag 14. august

Billettpris kr. 150,-/75,-. Billettsal i Festiviteten tlf. 52 71 27 80 og ved inngang. Arr. Sildajazzen/ Ryvarden

### Kystsogedagar i Buavåg
Buavåg, laurdag 27. august kl 20

Konsert v/ Valestrand Mannskor. Rømmegraut/ spekemat kr 250 kr. Arr. Sveio Gullforening

### Kystsogedagar i Buavåg Tema: Dugnad
Buavåg, søndag 28. august

Kl 10.30 Kulturminnevandring til Lokna
Kl 12 Gudsteneste
Kl 12.45 Sal av hjortegryte mm Utstillingar, kunstkort
Kl 14.30 Kåseri om dugnad v/Haldri Karin Engenes
Arr. Sveio Gullforening

### Finn fram-dagen
Strando i Førde, søndag 28. august

Finn-fram dagen er ein friluftsdag med fokus på å mestre friluftsliv og oppleve gleden av å være ute i naturen! Lær deg å bruke kart og kompass og delta på mange andre friluftsaktiviteter. Arr. Sveio O-lag

### Utstillingsopning på Ryvarden
Ryvarden, søndag 4. september

Opning av utsilling på Ryvarden. Lars Tveit, maleri www.ryvarden.no

### Kvalfangst
Auklandshamn, søndag 11. september

Sveio Kystlag inviterer til Kysttunet til temadag om kvalfangst. Det vert aktuelle foredrag og servering av kvalkjøttmiddag. Arr. Sveio Kystlag









**Adm. senter:** Rosendal
**Fylke:** Hordaland
**Areal:** 1137 km$^2$
**Folketal pr 1.1.16:** 13 271
www.kvinnherad.kommune.no

**Kvinnherad ligg midt i** Hardangerfjorden,Noregs nest lengste fjord (179 km). Hardangerfjorden vert ofte kalla *Dronninga blant dei norske fjordane.*

I den sørlege delen av kommunen finn ein det typiske vestnorske fjordlandskapet. Ein liten flik av kommunen ligg på vestsida av fjorden. Halsnøy er den mest folkerike øya i kommunen. Her finn du mellom anna Halsnøy kloster. I dag har øya fastlandsforbindelse via den undersjøiske Halsnøytunnelen. www.visitsunnhordland.no.

## PROGRAM

### Mytologifestivalen

Hatlestrand/Lundarhegni Naturpark 12. - 14. august

**Fredag 12. august kl 19 – 21**
Foredrag med amatørhistorikar og temaspesialist Knut Rage: Vinlandsreisene.
Ungdomshuskjellaren, enkel servering

**Laurdag. 13. august kl 12.00 - 17.30**
Marknad, kroppsmaling, instrumentlaging, middelaldermusikk, kostymer, teater, bading, mat, telt-konsert med Tryzna frå Polen

**Søndag 14. august kl 12 – 15**
Utferd til trebåtbyggjaren Egil Meland på Skorpo, Tysnes. Me reknar med å vera framme ca. 13.00. Formålet blir å finna svar: Lever det gamle handtverket og den gamle kunnskapen framleis? Korleis kunne forfedrane våre laga skip og navigera frå eit kontinent til eit anna?
www.facebook.com/Mytologifestivalen

### Museumdag på Bygdetunet Rød

Uskedalen, søndag 28. august kl 14 – 17
Gudsteneste i Røykstova med kyrkjekaffi
Akvarellutstilling i Lemstova ved Ellen Flindt
Konsert med Glimrah
Andre aktivitetar

### Kystkulturdag på Bergslagen

Sunde, laurdag 3. september kl 10 - 14
Open vervadag med aktivitetar og program.
Kåseri/føredrag. Kafe

### Open vervadag

Skålafjæro, Rosendal, måndag 5. september
Informasjon om Galeas Gurine. Innsyn i restaureringsarbeidet. Aktivitetar

### Kulturminnedagene 2016

Seimsfoss, søndag 11. september
Tema: Sjå kva vi kan – kompetanse og kunnskap i kulturvernet. Vandring i kulturlandskapet langs Guddalselva

# Museum og Galleri

Her finn du oversikt over museum og galleri som har utstillingar i samband med Kystsogevekene. Her er kontaktinformasjon og linkar til nettsidene til institusjonane.

### Fjell festning, Museum Vest

Fjell festning ligg på øya Sotra vest for Bergen. Festningsanlegget blei bygd av den tyske okkupasjonsmakta med det føremålet å sikre innseglinga til Bergen. fjell@museumvest.no www.museumvest.no

### Galleri Mjøsvågen, Hosanger på Osterøy

Open kafe, galleri, galleributikk, treskoverkstad, retro/redesign salsutstilling, Markakunstløype m.m. Arr Vener av Mjøsvågen gallerimjosvagen.no

### Galleri Rustica

Galleri Rustica er ei over 100 år gamal grindløe som ligg på Holmeknappen på Holsnøy ved Herdlafjorden. I tillegg til galleriet (der både amatør- og profesjonelle kunstnarar), arrangerer vi ulike kulturtilstellingar, som konsertar og føredrag/opplesingar, og møte og kurs for både skuler, barnehagar, lag og foreiningar. www.gallerirustica.no

### Gulen Fiskarbondemuseum

Fiskarbondetun frå 1800-talet med autentiske bygningar,historiske gjenstandar og skrifter. Omvisingar Juni - August Adresse: Byrknesøy 5970 Byrknesøy. Finn Gulen fiskarbondemuseum på Facebook

### Gullgruvene ved Lykling, Bømlo

Gullgruvene var på siste del av 1800-talet sentrum for eit gullrush utan sidestykke i Noreg. Rundt 1885, då aktiviteten var på det mest hektiske, var fleire hundre mann i arbeid i gruvene.

### Havråtunet, Museumssenteret i Hordaland

Stad: Osterøy/Havrå Garden Havrå ligg midt i eit særprega kulturlandskap. På garden er klyngetunet og den gamle teigdelinga framleis intakt. Garden er eit unikt minne om gardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane. Garden har ei lang historie, og er freda som kulturmiljø. Ope søndag 12 - 15. www.muho.no/havratunet/

### Herdla Museum, Museum Vest

Stad: Askøy/Herdla. Flott turmål med vakkert landskap. Med museet som utgangspunkt kan du få sett både eit jagarfly frå 2. verdskrigen og eit komplett torpedobatteri frå den kalde krigen. herdla@museumvest.no www.museumvest.no

### Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen

Stad: Meland/ Holmeknappen Opningstider i juli og august er museet ope kvar sundag frå kl 14 - 18 Under kystsogedagane: Laurdag kl 11-17. Søndag kl 13-17. For andre tidspunkt, kontakt Meland kommune, tlf. 56 17 10 00. Adresse: Postboks 79, 5906 Frekhaug sentralen@meland.kommune.no eller www.meland.kommune.no

### Hordamuseet, Bymuseet i Bergen

Hordamuseet skildrar levevilkåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland. Museet ligg idyllisk til inst i Fanafjorden, like nedanfor Stend vid.skule. Båthallen huser 26 klinkbygde opne trebåtar kvar med si historie. Ope Tirsdag - torsdag: 12- 15 Søndag: 12- 16. I juni/juli/august kan ein møte museumsvert i tradisjonelle klede i arbeid på uteområde eller innomhus. Omvising i husa. Kafe og museumsbutikk. Elles etter avtale. Tlf 47 979590 hordamuseet@bymuseet.no Hordnesveien 24, 5344 Fana www.bymuseet.no

### Jåttseglarane frå Tysnes

Utstilling i turistinformasjonen flytenaustet i Våge, om jåttseglarane frå Tysnes, som i perioden 1900-1940 markerte seg sterkt i amerikansk seglsport. Mange tysnesingar fekk til og med oppleva å vinna Americas Cup.

### Kulleseidkanalen Bømlo

Stad: Bømlo/Finnås På kanalkanten ligg Canalvogterboligen frå 1856 og Telegrafen frå 1857. Begge er i dag museum som viser det viktige og gigantiske arbeidet med Kanalen og den tids telegrafi og seinare telefonutvikling som betydde så mykje for fiskeria.

### Kvamsdals fargeri, Sandnes i Masfjorden

Utstillinga i Kvamsdals fargeri vitnar om 60 års industrihistorie. Det meste av inventaret i fargeriet er intakt og står slik det stod då det vart lagt ned i 1954. Søndagar kl 13-17. Guida omvisingar.
Tel 56 16 62 00

### Kystmuseet i Øygarden, Museum Vest

Museet presenterar livsvilkår og ressurshistorie i eit typisk kystområde gjennom 10 000 år, med særleg vekt på energiutnytting. Faste og skiftande utstillingar. Museumskafe. Adresse: Oen 5337 Rong Telefon: 56 38 50 50 kystmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

### Langøy Kystgard

Stad: Fjell/Langøyna Ein tradisjonsrik handelsplass med butikk, bakeri og naust, kan etter avtale leigast ut til arrangement heile året. Området har og ein fin badeplass Langoykystgard.no post@langoykystgard.no

## Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland
Lyngheisenteret på Lygra i Nordhordland er oppretta for å ta vare på kysten sitt kulturlandskap og for å hegna om den kunnskapen og dei tradisjonane som knyt seg til bruken landskapet. Stiftinga Lyngheisenteret Ytre Lygra, 5912 Seim Tlf: 56356410 post@lyngheisenteret.no www.lyngheisenteret.no

## Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, Nothuset på Sandnes
Masfjorden båt- og sjøbrukssamling består av tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen. Nothuset på Sandnes er bygd kring 1880. Opningstider sommaren: Søndag kl 13-17. Guida omvisingar. Båtsamlinga Tel 56 16 62 00

## Nordsjøfartmuseet, Museum Vest
Dei tre faste utstillingane på museet omhandlar Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skiftande utstillingar. Adresse: Telavåg 5380 Telavåg Telefon: 56 32 74 40 nordsjofartmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

## Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland
Bli med omvising i gamle Salhus Tricotagefabrik (1859-1989). Sjå filmen der tidlegare arbeidarar fortel om korleis det var å jobba her. Museumsbutikk og enkel kafé. Ope: tirs-fred: 11-15, sønd: 12-17 www.muho.no/salhus-trikotasjefabrikk/

## Osterøy museum, Museumssenteret i Hordaland
Osterøy museum på Gjerstad, gamle og nyare hus i eit spennande tun, viser det levemåten på bygdene nord for Bergen. Utstillingar knytt til fjordkulturen, og med særleg vekt på lokalt handverk, småindustri, bruk av brakje og tekstilar. Vandring i gardslandskapet, mellom førhistoriske graver og notidas jordbruksland. Sundagar kafé. Adresse: Gjerstad, 5282 Lonevåg Telefon: 56 19 34 40 www.muho.no/osteroy

## Ryvarden Galleri og fyr
Adresse: Mølstrevåg, Pb. 40, 5559 Sveio ryvarden@sveio.kommune.no tlf. 53748000 www.ryvarden.no

## Sellevåg Treskofabrikk
Sellevåg i Gulen. Tradisjonsrikt miljø for produksjon av tresko. Omvising etter avtale for einskildpersonar, grupper og lag. Sellevåg treskofabrikk produserte tresko frå 1899 til 1972. Frå 1952 var også sagbruk ei viktig brikke i produksjonslinja. I 2012 vart fabrikken freda av Riksantikvaren.  Fabrikken er intakt. Telefon 577 83 659 eller 909 82 235 og avtal tid. www.123hjemmeside.no/treskofabrikk

## Skaaluren skipasbyggjarsamling, Rosendal
Kvinnherad Museum: Skaalurensamlinga er eit museum som syner verksemda til Skaaluren Skibsbyggeri og andre vervar i Rosendalområdet. Ligg på kaien i Rosendal. Mange kjende skuter vart bygde langs strendene her. Skaaluren skipsbyggarmuseum

## Sunnhordland Museum
Me tek vare på minne og forteljingar frå Sunnhordland si fortid. Møt miljø og gjenstandar du mest hadde gløymt. Du kan òg møta minne frå forhistorisk tid, klosterruinar frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industrisoge. Adresse: Museumsbakken 5417 Stord Telefon: 53 41 38 99  Opningstider sunnhordland.museum.no

**Sunnhordlandstunet** på Leirvik. Museumskafe og aktivitetar.

**Stord maritime museum**, Leirvik brygge. Utstillingar og aktivitetar for små og store.

**Halsnøy kloster**, ruinane etter eit Augustinerkloster bygd kring 1300. Klosteret er ope for besøk, utstilingar og kafe.

## Tusenårsstaden Gulatinget
Parken er open heile året. For grupper kan det tingast omvising. Høyr historia knytt til Gulatinget og andre tingstader i Noreg og Nord-Europa, og syner den innverknaden Gulatinget har hatt for utviklinga av Noreg som rettsstat og demokrati. www.gulatinget.no

## Vestnorsk Utvandringssenter
Mellingen, Sletta i Radøy kommune. Utvandringssenteret viser emigrasjonshistorien, som sette slikt preg på landet vårt, kan opplevast gjennom film, forteljing, dokumentasjon og vandring i eit tilnærma autentisk miljø. Telefon 56 37 20 00. vestnorsk.utvandringssenter@muho.no Opningstider sjå www.muho.no

## Valestrand kulturkyrkje
Valestrand kulturkyrkje og bygda Valestrand er ein viktig kulturplass i Sveio kommune. Fartein Valen - Kulturlandskap Valevåg omfattar Fartein Valen-heimen, Valestrand kulturkyrkje, Valen kapell og Kolerakyrkjegarden i Leirvåg. Vidare finn ein garden Einstabøvoll. www.kulturkyrkja.no

## Vedholmen Galleri
Vedholmen Galleri, Sundøya i Os. Tordsdagar kl 16- 20. Fredag, lørdag og søndag kl 12-16 tlf 97138119 Besøksadresse: Røttingavegen 23, 5216 Lepsøy i Os. www.vedholmen-galleri.com

Det geografiske området for kystsogevekene er 22 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

# Kommuneoversikt Kystsogevekene




- Askøy »
- Austevoll »
- Austrheim »
- Bergen »
- Bømlo »
- Fedje »
- Fitjar »
- Fjell »
- Fusa »
- Gulen »
- Kvinnherad »
- Lindås »
- Masfjorden »
- Meland »
- Os »
- Osterøy »
- Radøy »
- Stord »
- Sund »
- Sveio »
- Tysnes »
- Øygarden »

**Kystsogevekene er allsidig** som det skiftande veret på Vestlandet. Folk i 22 kommunar byr stolt fram kystkulturen fram i ny og gamal form. På over 200 ulike arrangement yrar det av glade og nøgde menneske i alle aldrar, i alt slags ver, i all slags lokale og arenaer.

**Kystsogevekene vert i år** arrangert for 20. gang, og målet er å fremme kystkultur. Bak dei ulike kulturelle tiltaka står ei stor mengd lokale eldsjeler som ønskjer å formidle sin eigenart og sine tradisjonar. Her kan ein oppleve båtturar, aktivitetar, konsertar, festivalar, føredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar. Kvart einskild kulturarrangement er sjølvstendig, samstundes som det inngår under paraplyen Kystsogevekene.

**Stiftinga Kystsogevekene** samordnar Kystsogevekene som finn stad kvart år i august og september. Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen, og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune er Stiftinga Kystsogevekene sin viktigaste økonomiske støttespelar.

**For meir informasjon og avtaler kontakt:**

Stiftinga Kystsogevekene,
postboks 7900,
5020 BERGEN

Tlf: 55 23 91 73

Epost: kystsogevekene@hfk.no

nett: www.kystsogevekene.no

Instagram.com/kystsoge
#kystsoge

**Design:** Snitt reklamebyrå. **Alle foto:** Kystsogevekene/Kutschera

Stiftelsen Neptun Bergen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**www.kystsogevekene.no**

Få dei siste oppdateringane før arrangementa på www.facebook.com/kystsogevekene